

Påskeveka

Om då Jesus døydde og stod opp

Påskeveka

Boka passer for dei aller minste barna. Tekstsidene har stor og tydeleg skrift, fordi vi i denne boka set skriftspråket i sentrum. Dette gjer at boka er svært eigna til samlesing, som tyder at barna får sjå og lese i boka saman med deg. Boka høyrer til fagområdet etikk, religion og filosofi i Rammeplanen for barnehagar og til fagområdet kristen tru og tradisjon i Trusopplæringsplanen for Den norske kyrkje.

Les og leik med boka slik:

Døme 1

Inviter barnet med på ei koseleg lesestund i sofakroken og les heile boka saman.

Les høgt for barnet samstundes som de blar i boka. Spørsmåla får barnet hjelp til å svare på i etterkant. Du har alltid fasiten tilgjengeleg og vegleiar barnet så mykje som det treng for at det alltid skal lukkast. Målet er å jakte på mestringsopplevingar saman, slik at barnet får ei god oppleving av lesestunda.

Døme 2

Bruk boka i ei Bravo-runde. Då vil boka vere ein av stasjonane. Slik gjer du det i barnehagen:

1

Presenter tittelen til boka og dei fem første nøkkelorda. Sei til dømes: "No skal vi lese nøkkelorda om påskeveka!". Vis og les dei fem nøkkelorda i hurtig tempo. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon. Repeter dette i tre dagar til boka går ut av Bravo-runda.

2

Neste gong boka skal inn på ein stasjon seier du: "No skal vi lese litt om påskeveka". Så viser og les du nøkkelorda, faktasetningane og bileta. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon og gjer også dette i tre dagar til boka går ut av runda.

3

Til slutt i boka finn de spørsmål til teksten og eit valbrett til å svare på. Bruk gjerne spørsmåla og valbrettet på puslestasjonen når de er ferdig med både nøkkelorda og setningane. Då får barna kjent stoff å jobbe med på puslestasjonen og det vert lett å svare på spørsmåla saman.

INNHALD

5 nøkkelord




(eselfole, Pilatus, kors, grav, læresvein)

5 setningar

Illustrasjonar

3 spørsmål til teksten

Valbrett med svaralternativ



eselfole

Pilatus

kross

grav


læresvein

**Palmesøndag reid
Jesus inn i Jerusalem
på ein eselfole.**



**Skjærtorsdag vart
Jesus fanga i
Getsemane og ført
til Pontius Pilatus.**


**Langfredag vart
Jesus hengt på ein
kross på Golgata.**



**Jesus døydde
på krossen, og
læresveinane la han
i grava.**



**1. påskedag kunne
ikkje kvinnene finne
Jesus i grava, for
engelen sa han hadde
stått opp!**



1

**Kva dyr reid
Jesus på?**

2

Kvar la dei Jesus?

3

**Kva skjedde
1. påskedag?**

Jesus stod opp

grava

eselfole

veit ikkje